



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval: Kommunestyret
Møtestad: Boknahåve
Dato: 13.01.2026
Tid: Kl. 16:30 – 17:10

Følgande medlemmer møtte Parti

Arne Hosaas	AP
Rakel Alvestad	AP
Rannveig F. Øvrebø	AP
Edgar Våge	H
Lene Ognøy Foss	H
Olav Lande Rossebø	H
Per Helge Sunde	H
Svein Ove Alvestad	H
Sigmund Alvestad	KRF
Amalie Våga	SP
Egil Magne Våge	SP
Ida Schmeichler Grønnestad	SP
Osmund Våga	SP
Vilhelm Martin Våge	SP

Forfall

Odd Kenneth Tollaksen
June Susanne Grønnestad
Erik Nilssen

Parti

H
SP

Varamedlem

Marie Løvoll Faye
May Lis Bosvik Fiskaaen
Kristoffer Joachim Are

Parti

AP
H
SP

Andre som møtte

Grethe Heimvik
Ingeborg Skjølingstad
Lillian Grønnestad
Michael Gräfe
Åse Bratthammer

Stilling

Kommunalsjef Helse og omsorg
Kommunedirektør
Kommunalsjef økonomi og administrasjon
Kommunalsjef teknisk
Kommunalsjef Oppvekst

Merknader til innkallinga: ingen

Merknader til sakslista: kommentar frå Osmund Våga (Sp)

Til å skriva under møteboka saman med leiaren vart valde: Ida Schmeichler Grønnestad og Lene Ognøy Foss.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
01/26	Godkjenning av innkalling
02/26	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll
03/26	Gebyrregulativ Bokn kommune 2026
04/26	Samlesak for referatsaker

01/26 Godkjenning av innkalling

13.01.2026 Kommunestyret

Behandling

KS - 01/26 Vedtak

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

02/26 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

13.01.2026 Kommunestyret

Behandling

Osmund Våga (Sp): har innspel på at saka om gebyrregulativ idag er lagt fram på feil måte då ein i sist kommunestyremøte, sakene 069 og 070/25 sette ut sak om gebyrstørrelser og bad om å få ei sak opp igjen der berekningsgrunnlag for gebyrstørrelseane ein foreslår framgår.. Det føreligg ikkje i saka satt opp til møte idag.

KS - 02/26 Vedtak

Møteprotokollen blir godkjent med kommentarer ifrå Osmund Våga. Ida Schmeichler Grønnestad og Lene Ognøy Foss blei valde til å signera møteprotokollen.

03/26 Gebyrregulativ Bokn kommune 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Bokn vedtek gebyrregulativ for 2026

13.01.2026 Kommunestyret

Behandling

Gebyr regulativ 2026, foreslått av Svein Ove Alvestad, Høyre

Gebyr byggesak og oppmåling kapittel 2 og kapittel 3 reduseres med 25% i hht fremlagte satser. Eventuelle reduserte inntekter dekkes innenfor vedtatt budsjett, rammeområde 6.

1. Bokn kommunestyre ber om en intern evaluering av avtalen med Karmøy kommune til neste møte 17.02.

Ordførar redgjorde i saka. Han nemnde også at det i saka frå sist møte ikkje blei nemnt at denne saka i kommunestyremøte 09.12.2025 blei utsett.

Svein Ove Alvestad (H): gybrene etterkvart er blitt omfattande og det er innbyggerane som skal betala desse. Kan vere avgjerande for kva som blir sett igong når det blir så kostbart. Høyre meiner det er blitt eit for høgt nivå på gebyr på tenestane på teknisk området. Høyre ønskjer også at informasjon om korleis forslag til gebyrene blir fastsett, blir det framforhandla med Karmøy kommune ved fastsetjing... Høyre ønskjer ein gjennomgang internt på gebyrområdet tekniske gebyrer og at ein tar ein gjennomgang med Karmøy kommune med fastsetjing av gebyrer for tekniske tenestar.

Per Helge Sunde (H): saka blei utsett i sist møte grunna mangelfullt grunnlag. Det synes ikkje at det er noko betre grunngeving i den saka som ligg framføre politikerane nå. Det synes han er manglande respekt for politikerane. Han ber om at gebyrene på teknisk område blir gått gjennom og framlagt på nytt.

Osmund Våga (Sp): er enige i møkje av det som til nå er sagt frå Høyre. Han ønskjer at avtala med Karmøy nå må opp til evaluering og vurdering. Subsidiert av ein del av gebyrene til sponsering av innbyggerane våre høyrer bra ut, men er vel ikkje heilt den løysinga som han vil anbefala. Ein har vel ikkje rekna på kva det vil koste kommunen. Representanten vil gjerne ha eit lite gruppemøte føre ein kan anbefale ei løysing.

Lene Ognøy Foss (H): litt om bakgrunn for samarbeidsavtalen med Karmøy og evalueringar som skal skje via ordførar og varaordførar årleg. Bokn er ein liten kommune som må sloss om å få innbyggerar til Bokn og også få utbyggerar til å bygga i Bokn. Da må ein vere realistiske med omsyn til størrelsen på gebyrer på tekniske områder. Ein må sjå tildømes til Tysvær og andre omliggande kommunar og gå i dialog med Karmøy om størrelsen på gebyrene.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap): saka innheld fleire elementer som blir diskutert: avtale med Karmøy, gebyrregulativet i sin heilhet og størrelsen på tekniske gebyrer. Avtalen med Karmøy må ein ta opp til diskusjon med Karmøy, men gebyrregulativ må vedtas for kvart år.

Edgar Våge(H): Innbyggerane er dei som her blir tilgodesett og det er det som gebyrene skal finansiera - tenester til innbyggerane i Bokn. Han går for Høyre sitt forslag som går ut på akkurat det - komme innbyggerane til gode.

Gruppemøte til kl. 17:00.

Osmund Våga (Sp): viktig at ordførar og varaordførar tar ein diskusjon med Karmøy sin ordførar og varaordførar for å sjå på muligheter. Sp vel og stette kommunedirektøren sitt framlegg fram til gjennomgang av satsar og ny sak føreligg.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) - Ap vel også og stette kmmedirektøren sitt framlegg.

Avrøysting:

Det føreligg 2 forslag - kommunedirektøren sitt framlegg og forslag fremsatt av Høyre v/ Svein Ove Alvestad.

Det blei røysta alternativt mellom kommunedirektøren sitt framlegg og forslag fremsatt av Høyre. Kommunedirektøren sitt framlegg blei vedteke med 10 røyster mot 6 røyster frå Høyre og 1 røyst frå KrF. Forslaget fremsatt av Høyre falt.

KS - 03/26 Vedtak

Kommunestyret vedtek med 10 mot 7 røyster (6 frå Høyre og 1 frå KrF):

Kommunestyret i Bokn vedtek gebyrregulativet for 2026

04/26 Samlesak for referatsaker

13.01.2026 Kommunestyret

Behandling

KS - 04/26 Vedtak

Referatsaka blei tatt til informasjon.